


Rådmannen framleis imot frådeling av naust

04.03.2011



Slik ligg naustet til ved elveosen.

**Saka om dispensasjon og frådeling av naust til Gunnar og Edit Kjærland
kjem opp igjen i forvaltningskomiteen til veka og rådmannen går framleis
i mot.**

**Administrasjonen kan ikke sjå at det vil vera større føremon enn ulemper
ved å gje dispensasjon frå kommunedelplanen, som viser dette som LNF-område.
Det visast her til omsyna
til strandvernet og landskapsomsyn.**

Kommunedelplanen er tydeleg på at osen ved Uskedalselva skal haldast fri for ytterlegare utbyggjing og ei frådeling her vil kunne føre til auka privatisering og byggjepress i strandsona, heiter det i utgreiinga til saksbehandlar Kjartan Thoresen..

I innstillingen for forvaltningskomiteen står det at omsyna bak planen vert vesentleg tilsidesett og at ulempene ved dispensasjon er større enn føremonene.

Bakgrunnen for saka er at Gunnar og Edit Kjærland ønskjer å selja bustadeigedomens sin saman med eit areal til sjø. Men naustet på eigedomen, som ligg ved elveosen, ønskjer dei å dela ifrå til seg sjølv.

Av Ola Matti Mathisen